



\* BokkeReidars Bluesband og Side Brok på scena til stor entusiasme frå publikum.



\* Gitaristen i BokkeReidars Bluesband, Klaus Blø, tok vegen frå scena og ned mellom publikum under siste låten i konserten.



\* BokkeReidars Bluesband opptrødde med Side Brok for tre år sidan på Trandalblues, og i år var dei tilbake til stor glede for dei framnøtte musikkentusiastane.

# Pineapple Express varma opp for The Blues brothers

Torsdag kveld fekk det lokale bandet Pineapple Express gleda av å spele for dei store heltane sine, The Blues Brothers, på Trandalblues. Dei sorgja for høg stemning blant publikum før det verdskjente bluesbandet kom på scena.

Bandet består av Olav Sindre Kriken på vokal, Øyvind Krøvel på blås/perkusjon, Torgrim Skjerdal på tangentar, gitaristane Ole Jonny Kvalsund og Henning Hamgre, Vegard Grimstad på bass og trommis Geir Arne Ose.

## Rett og slett fantastisk

– Det var ein heilt fantastisk oppleving. Vi ser på det som ei stor ære å få spele for dei store heltane vore. Dette var rett og slett fantastisk, seier Olav Sindre Kriken, og føyer til: – Det er utrøleg kva Bratt og Blått har fått til på ti år. Kor viktig er ikkje dette for området? Eit fantastisk kulturtilbod som gjer det både attraktivt å busette seg i Ørsta, men også for besøkande.

Ikkje mindre enn 1.200 billettar vart selt torsdag kveld då det populære bandet BluesBrothers stod på scena på Trandal.

– Eg kan tenkje meg det var litt spesielt for Blues Brothers å spele på Trandal, ein sein juli sommarkveld, seier Kriken.



\* Pineapple Express. (Foto: privat)